

Jazz der Vegard og Gopi sette standard.

02.04.2017



Unge dyktige solistar sette stadard for jazzkvelden på OSKA. Gopi Storegjerde, vokal (26) og Vegard Døssland, trompet/flugelhorn (23).

Vegard Døssland (23) saman med vokalisten Gopi Storegjerde (26) sette standard for jazzkvelden på OSKA i går. Jazzverket si settliste på nær 20 nummer gav oss ein konsert med stor variasjon i grensa mellom jazz, rock, blues og populærmusikk. Konserten var nyskapande. Berre to låtar har vore brukt før.



Jazzkvelden i Uskedalen er truleg noko av det beste vi har høyrte frå Jazzverket i Rosendal. F.v: Vegard Døsland (gjestearartist), Ivar Baste (tangent/el piano), Stein Haugen (elbass/kontrabass). Torkjel Nerhus på slagverk er diverre ikkje kome med på bilete. I Vi merka oss at arrangøren Ivar Baste har vald ut låtar som høver til eit moderne og elektronisk uttrykk. Flygelet er til dømes bytt ut med el piano. Eit anna omsyn er den unge alderen på solistane. Lyden var god i eit elles vanskeleg lokale. Høg snakking i bakgrunnen vil alltid vera skjemmaende. Dette var mest merkbar i 1. og 2. settet. Arrangøren prøvde å ta omsyn til problemet ved å dela konserten opp i tre sett med god pause mellom. Jazzverket med ein så dyktig solist som Vegard Døsland fortener likevel eit meir lydhøyrte publikum.

Framføringane veksla mellom det reint instrumentale til mange innslag med vokalisten Gopi Storegjerde. Vegard Døsland har gjort mange konsertar i Kvinnherad, i Oslo og elles i landet. Trass sin unge alder meistarar han ulike genre og musikalske uttrykk i jazzmusikken, alt frå bossa nova, standard jazz ballade, swingjazz, bluesballade til meir rolege melankolske låtar som *Var fins du nu* og *Blåmann, blåmann*. Vokalversjonen av Al Jarrom sin låt *Spain* merka seg ut. Det same må vi sei om den amerikanske visesongaren, Joni Michell, sin versjon av *Good bye pork pie hat* med Vegard Døsland på flugelhorn.

Det er elles vanskeleg å ta fram noko spesielt frå repetoarlista. Konserten vart gjennomført med stor presisjon, med låtar som til tider kan vera kompliserte. For ein vanleg lyttar var dette Jazzverket på sitt beste. Vi har meir å gje oss til. Roy Lervåg sa i opningshelsinga si at det vert meir jazz på OSKA seinare i vår.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ivar Baste var arrangør og ansvarleg for repetoaret.